Areal- og naturrekneskap
Kommuneplanen sin arealdel 2026-2037
Kunnskapsgrunnlag



Rapportansvarleg og deltakarar i arbeidet med notatet

Rapportansvarleg	Einar Ødegaard Skadberg
Deltakar	Yvonne Van Bentum
Deltakar	Vegard Thorset Våge
Dato	07.09.2026

1. Innleiing 3
2. Føringar 4
a) Regionale føringar 4
b) Nasjonale føringar 4
c) Plan - og bygningsloven (pbl) 4
d) Metodikk 4
3. Fagleg utgreiing og vurdering av tema 6
3.1 Gjeldande kommuneplan (2018) 6
3.1.1 Kva nedbygging legg gjeldande kommuneplan opp til? 6
3.1.2 Bustad og sentrumsformål 6
3.1.3 Tenesteyting 7
3.1.4 Næring 8
3.1.5 Råstoffutvinning 8
3.1.6 Kombinerte formål 9
3.1.7 Idrettsanlegg 9
3.1.8 Samferdsel (utanom omkøyringsvegen) 10
3.2 Endringar gjort i planprosessen 11
3.2.1 Planvask 11
3.2.2 Salg av eiendommer og arealjusteringer knyttet til dette 11
3.2.3 Innspel 11
3.3 Revidert kommuneplan 2026 - 2037 11
3.3.1 Kva nedbygging legg forslag til ny kommuneplan opp til? 12
3.3.2 Bustad og sentrumsformål 12
3.3.3 Tenesteyting 13
3.3.4 Næring 13
3.3.5 Råstoffutvinning 14
3.3.6 Kombinerte formål 14
3.3.7 Idrettsanlegg 15
3.3.8 Samferdsel (omkøyringsvegen ikkje inkludert) 15
3.4 Andre omsyn og faktorar 16
3.4.1 Areal avsett til regionale og nasjonale behov 16
3.4.2 Nydyrking 17
4. Avslutning og hovedkonklusjon 18

1. Innleiing

Arealregnskap er viktig sidan det gir kommunane eit systematisk og talbasert kunnskapsgrunnlag for planlegging og avgjerder i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Det gir oversikt over både faktisk og planlagt arealbruk, og gjer det mogleg å analysera endringar som følgja av planforslag. Arealregnskapet fungerer både som eit verktøy for å vurdera utbyggingsbehov og som eit hjelpemiddel for å sikra at viktige omsyn til natur, jordbruk og berekraftig utvikling vert ivaretatt.

Ved å gjera synleg eigenskapar ved areala, omfanget av utbyggingsområde og konsekvensane av planlagde endringar, vil arealregnskapet kunna bidra til meir kunnskapsbaserte og gjennomtenkte avgjerder. Det kan også brukast i dialog med innbyggarar, utbyggjarar og myndigheiter, og styrker medverknad og forankring i planprosessen. Samlet sett gjer arealregnskapet det lettare for kommunane å planlegga arealbruk på ein måte som er i tråd med lokale behov og nasjonale mål, og som fremmer ein berekraftig samfunnsutvikling.

2. Føringar

a) Regionale føringar

Rogaland har eit regionalt jordvernmål som skal avgrensa nedbygging av verdifulle jordbruksområde. Målet er at det ikkje skal verta omdisponert meir enn 200 dekar dyrka jord per år i hele fylket. Kommunane skal gjennom arealregnskap visa kor mye jordbruksareal som kan gå tapt ved utbygging, og vurdera om planane er i bidrar til å oppnå jordvernmålet. Målet skal bidra til å sikra matjord for framtida og støtta opp under berekraftig arealforvalting.

b) Nasjonale føringar

Arealregnskap i kommuneplan (2023) (Arealregnskap i kommuneplan) legg opp til at arealregnskap skal vera et kunnskapsbasert og relevant verktøy for å ta avgjerder i kommuneplanlegginga. Det skal gi ein systematisk oversikt over planlagt og faktisk arealbruk, synleggjera endringar og konsekvensar for natur, jordbruk og samfunn. Det skal bidra til at kommunen ikkje sett av meir areal til utbygging enn naudsynt. Jordvern skal vera godt opplyst i arealregnskapet. Kommunen skal synleggjera tap av dyrka jord, og vurdera dette mot nasjonale og regionale jordvernmål.

c) Plan - og bygningsloven (pbl)

Det er ikkje spesifikt sett krav om arealrekneskap i plan- og bygningslova, men lova stiller på generell basis krav til at det skal vera tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Lova stiller krav om konsekvensutgreiing som synleggjer konsekvensane av endringane i planprosessen. Basert på signaler frå regionale og nasjonale føringar, vurderast arealrekneskap å gå inn under det som er nødvendig for å sikra et tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag.

d) Metodikk

Time kommune er del av pilotprosjektet for arealrekneskap i Rogaland. Det vert difor vurdert som eit naturlig val at kommunen bruker dette rekneskapen som sitt arealrekneskap. Prosjektet vert drive av Rogaland fylkeskommune og ønsker å forenkla og standardisera arealrekneskap mellom kommunane, i tillegg til å gjera tilgjengeleg og formidla informasjon mot befolkninga. Arealrekneskapet kan sjåast her. Dette dokumentet oppsummerer hovudfunn og konklusjonane frå rekneskapen.

Prosjektet vart starta av Kommunal- og distriktsdepartementet for å utvikla ein felles metodikk for arealrekneskap i kommuneplanlegging. Målet er å sikra kunnskapsbaserte avgjerder, redusera variasjon i praksis og integrera omsyn til natur, jordbruk og klima gjennom standardiserte GIS-analyser og rettleiing.

Metodikken for arealrekneskap bygger på analysar av fleire datakielder for å gi en heilskapleg oversikt over arealbruk og konsekvensar av planforslag. Grunnlaget vert henta frå SSB sine arealbruksdata for bygde og opparbeida område, samt AR5 og AR50 frå NIBIO for detaljer om jordbruksareal, skog og naturressursar. Planlagt arealbruk baserast på digitale kommuneplanar, kommunedelplanar og reguleringsplanar frå Geonorge. Klimapåverknad reknast ut ved hjelp av data frå Miljødirektoratet, der utslepp og karbonlagring vert vurdert ut frå naturtypar som t.d. myr og skog. Metoden følger «Agdermodellen», som kombinerer kartlag i GIS for å vise status, planreserve og endringar. Planreserven vert definert som område sett av til framtidig utbygging i gjeldande planar, og kan verta justert gjennom planvask. Visualisering skjer via interaktive kart og tabellar som viser arealformål, arealtypar, grunnforhold, bonitet og treslag. Naturrekneskap vert integrert for å dokumentera biologisk mangfald og økosystem funksjoner, slik at konsekvensane av nedbygging vert gjort synleg. Målet er å gi kommunane eit verktøy for å vurdera utbyggingspotensial, behov for nye areal og effektar på klima og natur, og dermed sikre kunnskapsbaserte og berekraftige avgjerder.

3. Fagleg utgreiing og vurdering av tema

3.1 Gjeldande kommuneplan (2018)


I dette kapittelet vert arealreserven oppsummerte, altså alle arealformål som går inn under kategorien utbyggingsformål, men som framleis ikkje er bygga ut. Arealrekneskapen tar utgangspunkt i at alt kjem til å verta bygga ut som planlagt, sjølv om det ikkje nødvendigvis er tilfellet. Areala kan verta endra og justerte i ein eventuell reguleringsplanfase. Når vi samanliknar arealreserven i gjeldande plan, opp mot arealreserven i ny plan vil endringane verta synleggjort.

3.1.1 Kva nedbygging legg gjeldande kommuneplan opp til?

Gjeldande kommuneplan 2018-2030 opnar ved skrivande stund (ikkje allereie nedbygd), for nedbygging av totalt 3 079 dekar. Den største delen er fulldyrka jord med 986 dekar, etterfølgt av innmarksbeite (824 dekar) og skog (611 dekar). Open fastmark utgjer 552 dekar, mens overflatedyrka jord dekker 95 dekar. Mindre areal inkluderer myr (9 dekar) og ferskvatn (1 dekar). Oversikten synleggjer at planlagt utbygging vil ha stor innverknad på jordbruksareal og naturressursar.

Totalt tal dekar som kan bygges ned i gjeldende kommuneplan (3079 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	552
Ferskvatn	1
Fulldyrka jord	986
Innmarksbeite	824
Myr	9
Overflatedyrka jord	95
Skog	611

Figur 1: Tal dekar av kvartenkel arealtype i AR5, gjeldande kommuneplan legg og til å bygga ned. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.




3.1.2 Bustad og sentrumsformål

Gjeldande kommuneplan har ein utbyggingsreserve på 367 dekar avsett til bustad- og sentrumsformål. Av dette utgjer fulldyrka jord den største delen med 208 dekar, følgt av innmarksbeite med 109 dekar og skog med 39 dekar. Mindre areal består av open fastmark (11 dekar), medan myr og ferskvatn ikkje vert rørt. Oversikten synleggjer at utbygging vil medføra betydeleg nedbygging av verdifulle jordbruksareal.

Bolig og sentrumsformål (367 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	11
Ferskvatn	0
Fulldyrka jord	208
Innmarksbeite	109
Myr	0
Skog	39

Figur 2: Tal dekar av kvar enket arealtype i AR5, gjeldande kommuneplan legg og til å bygga ned til formålet bustad og sentrumsføremål. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.




3.1.3 Tenesteyting

Gjeldande kommuneplan har ein utbyggingsreserve til tenesteyting på 157 dekar, men det er stor variasjon i kva dette formålet inneberer, eksempelvis er det største arealet (cirka 90 dekar) sett av i kommuneplanen, sett av til kyrkjegard ved Time kyrkje. Areal sett av til kyrkjegard vil vera vesentleg annleis enn areal sett av til, til dømes areal sett av til skule, barnehage eller omsorgsbustader. Reserven kommunen har tilgjengeleg må difor verta tolka meir nyansert opp mot kva kommunen faktisk har i høve til kva kommunen treng. Av dei totalt 157 dekara som er sett av til utbygging utgjer fulldyrka jord 75 dekar, innmarksbeite 35 dekar og skog 25 dekar. Open fastmark dekker 20 dekar, medan myr og ferskvatn utgjer berre 1 dekar kvar. Oversikten viser at en betydeleg del av arealet som planleggast nedbygd til tenesteyting består av jordbruksareal.

Tenesteyting (157 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	20
Ferskvatn	1
Fulldyrka jord	75
Innmarksbeite	35
Myr	1
Skog	25

Figur 3: Tal dekar av kvar enkel arealtype i AR5, gjeldande kommuneplan legg og til å bygga ned til formålet tenesteyting. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høg re.




3.1.4 Næring

Gjeldande kommuneplan har ein utbyggingsreserve til næring på 1 312 dekar, det er likevel stor variasjon innanfor dette formålet. Næringsareal vil ikkje alltid vera eigna til alle typar næringar. Se fagnotat for «Fortettingspotensial i Time kommune, med eit særleg fokus på næring» for nyansering, mellom næringskategori 1, 2 og 3, og kva areal som passer til kvar type.

Av disse 1 312 dekara, utgjer skog den største delen med 390 dekar, følgt av fulldyrka jord med 346 dekar og open fastmark med 281 dekar. Innmarksbeite dekker 203 dekar, medan overflatedyrka jord utgjer 92 dekar. Myr og ferskvatn vert praktisk talt ikkje berørt. Oversikten viser at næringsutbygging vil medføra omfattande nedbygging av både skog og verdifulle jordbruksareal, noko som har stor betydning for jordvern og berekraftige arealval.

Næring (1312 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	281
Ferskvatn	0
Fulldyrka jord	346
Innmarksbeite	203
Myr	0
Overflatedyrka jord	92
Skog	390

Figur 4: Tal dekar av kva enkel arealtype i AR5 gjeldande kommuneplan legg og til å bygga ned til formålet næring. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.




3.1.5 Råstoffutvinning

Gjeldande kommuneplan har ein utbyggingsreserve til råstoffutvinning på 1 108 dekar. Innmarksbeite utgjer den største delen med 464 dekar, følgt av fulldyrka jord med 267 dekar og open fastmark med 218 dekar. Skog dekker 148 dekar, medan myr og overflatedyrka jord utgjer høvesvis 7 og 3 dekar. Ferskvatn vert praktisk talt ikkje berørt. Oversikten viser at råstoffutvinning vil medføra omfattande nedbygging av jordbruksareal og naturtypar, noko som har stor betydning for jordvern og berekraftig arealforvaltning på kort sikt, men på lang sikt vill alle disse områda tilbakeføres til LNF formål.

Råstoffutvinning (1108 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	218
Ferskvatn	0
Fulldyrka jord	267
Innmarksbeite	464
Myr	7
Overflatedyrka jord	3
Skog	148

Figur 5: Tal dekar av kvar enkel arealtype i AR5 gjeldande kommuneplan legg og til å bygga ned til føremålet råstoffutvinning. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.




3.1.6 Kombinerte formål

Gjeldande kommuneplan har ein utbyggingsreserve til kombinerte formål, på 20 dekar. Av dette utgjer fulldyrka jord 12 dekar, innmarksbeite 6 dekar og skog 1 dekar, mens open fastmark og ferskvatn praktisk talt ikkje vert berørt. Oversikten viser at det totalt sett er små areala sett av til kombinerte formål. Sjølv små arealendringar vil likevel påverka dei langsiktige arealendringane i kommunen, og må tas omsyn til i rekneskapen.

Kombinerte formål (20 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	0
Ferskvatn	0
Fulldyrka jord	12
Innmarksbeite	6
Skog	1

Figur 6 Tal dekar av kvar enkel arealtype i AR5 gjeldande kommuneplan legger og til å bygge ned til formålet kombinerte formål. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.




3.1.7 Idrettsanlegg

Gjeldande kommuneplan har ein utbyggingsreserve til idrettsanlegg på 92 dekar. Dette arealet er sett av til utviding av eksisterande golfbane. Av desse 92 dekara utgjer fulldyrka jord 77 dekar, open fastmark 14 dekar og skog 1 dekar. Oversikten viser at

etablering av idrettsanlegg vil medføra nedbygging av verdifulle jordbruksareal, noko som er viktig for vurdering av jordvern og berekraftig arealbruk.

Idrettsanlegg (92 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	14
Fulldyrka jord	77
Skog	1

Figur 7: Tal dekar av kvar enkel arealtype i AR5 gjeldande kommuneplan legg og til å bygga ned til føremålet idrettsanlegg. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.




3.1.8 Samferdsel (utanom omkøyringsvegen)

Gjeldande kommuneplan har ein utbyggingsreserve til samferdsel på 24 dekar. Av dette utgjer skog 7 dekar, open fastmark 8 dekar, innmarksbeite 7 dekar og fulldyrka jord 1 dekar, medan overflatedyrka jord og myr ikkje vert berørt.

Omkøyringsvegen om Kvernaland er ikkje arealfesta i gjeldande kommuneplan, og vert difor takast med i rekneskapen her. Det vil verta utarbeidd arealregnskap for denne i egen plan.

Samferdsel (24 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	8
Fulldyrka jord	1
Innmarksbeite	7
Myr	0
Overflatedyrka jord	0
Skog	7

Figur 8: Tall dekar av kvar enkel arealtype i AR5 gjeldande kommuneplan legg og til å bygge ned til samferdsel Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.



3.2 Endringar gjort i planprosessen

3.2.1 Planvask

For å sjekka om tidlegare avsette areal framleis er relevante er det i kommuneplanprosessen gjennomført ein planvask. Areala der det vert konkludert med at areal, eller delar av det, ikkje lenger er aktuelle, skal desse, eller deler av desse, vert tilbakeført til føremål LNF. Se eige fagnotat «Planvask» for en full oversikt over desse. Det har vore eit spesielt fokus på område avsett til råstoffutvinning og forsvarsformål. Bustadområde og næringsområde vert vurderte å vera framleis aktuelle. Desse områda er vurderte å vera i tråd med dei regionaleutviklingsstrategiane, viser dei langsiktige utviklingsretningane og gir føreseielegheit. Her er det heller viktig med å avgrensa utbygginga i tid.

Totalt er det cirka 900 dekar avsett til forsvarsformål, og cirka 209 dekar avsett til råstoff utvinning som kan tilbakeføres til LNF.

3.2.2 Salg av eiendommer og arealjusteringer knyttet til dette

Time kommunestyre har bestemt at overflødige kommunale eigedomar ikkje lenger har bruk skal verta selde. Slike areal er ofte avsett til formål som «friområde», «leikeplass» eller «LNF», og må difor verta endra til bustadføremål eller næringsføremål, før desse eigedomane kan verta selde. Dette arbeidet har derfor vorte gjennomført i samanheng med kommuneplanrevideringa. Arealendringane som kjem som eit resultat av dette er tatt med i rekneskapen.

3.2.3 Innspel

En del endringar er også gjennomført som resultat av innspel som har kome i planprosessen. Disse endringane kan sjås i andre dokumenter og opusnummeras difor ikkje her.

3.3 Revidert kommuneplan 2026 - 2037


I dette kapittelet vert arealreserven oppsummerte, det vil seia alle arealføremål som inngår i kategorien utbyggingsføremål, men som framleis ikkje er bygde ut. Arealrekneskapen tar utgangspunkt i at alt kommer til å bli bygget ut som planlagt, sjølv om det ikkje nødvendigvis er tilfellet. Areala kan verta endra og justerte i ein reguleringsplanfase. Når ein samanliknar arealreserven i gjeldande plan, opp mot arealreserven i forslag til ny plan vil endringane verta synleggjort.

3.3.1 Kva nedbygging legg forslag til ny kommuneplan opp til?

Forslag til revidert kommuneplan opnar for nedbygging av totalt 3 937 dekar. Den største delen er innmarksbeite (1229 dekar), etterfølgt av fulldyrka jord (1114 dekar) og skog (758 dekar). Open fastmark utgjer 720 dekar, medan overflatedyrka jord utgjer 104 dekar. Mindre areal inkluderer myr (11 dekar) og ferskvatn (1 dekar). Oversikten viser at planlagt utbygging vil ha stor innverknad på jordbruksareal og naturressursar, noko som er kritisk for jordvern og berekraftig arealforvaltning.

Totalt tal dekar som kan bygges ned i revidert kommuneplan (3937 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	720
Ferskvatn	1
Fulldyrka jord	1114
Innmarksbeite	1229
Myr	11
Overflatedyrka jord	104
Skog	758

Figur 9 Tal dekar av kvar enkel arealtype i AR5 i revidert kommuneplan legg opp til å bygga ned. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.




3.3.2 Bustad og sentrumsformål

Forslag til revidert kommuneplan har en utbyggingsreserve på 401 dekar avsett til bustad- og sentrumsformål. Av dette utgjer fulldyrka jord den største andelen med 227 dekar, fulgt av innmarksbeite med 119 dekar og skog med 42 dekar. Mindre arealer består av Open fastmark (13 dekar), mens myr og Ferskvatn ikkje berøres. Oversikten synleggjer at utbygging vil medføre betydeleg nedbygging av verdifulle jordbruksarealer, noe som har stor relevans for jordvernmål og berekraftig arealforvaltning.

Bolig og sentrumsformål (401 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	13
Ferskvatn	0
Fulldyrka jord	227
Innmarksbeite	119
Myr	0
Skog	42

Figur 10: Tal dekar av kvar enkel arealtype i AR5 i revidert kommuneplan legg opp til å bygga ned til formålet bustad og sentrumsføremål. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.




3.3.3 Tenesteyting

Forslag til revidert kommuneplan har ein utbyggingsreserve til tenesteyting på 155 dekar. Av de totalt 155 dekara som er sett av til utbygging utgjer fulldyrka jord 74 dekar, innmarksbeite 35 dekar, skog 25 dekar, Open fastmark utgjer 20 dekar medan myr og Ferskvatn utgjer berre 1 dekar kvar. Oversikten viser at en vesentleg del av arealet som planleggast nedbygd til tenesteyting består av jordbruksareal.

Tjenesteyting (155 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	20
Ferskvatn	1
Fulldyrka jord	74
Innmarksbeite	35
Myr	1
Skog	25

Figur 11: Tall dekar av kvar enkel arealtype i AR5 forslag til revidert kommuneplan legg opp til å bygga ned til føremålet tenesteyting. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.




3.3.4 Næring

Forslag til revidert kommuneplan har ein utbyggingsreserve til næring på 1 620 dekar. Av disse 1 620 dekara, utgjer skog den største delen med 442 dekar, følgt av Innmarksbeite (439 dekar), fulldyrka jord med 350 dekar, open fastmark med 290 dekar, og overflatedyrka jord med 98 dekar. Myr vert ikkje berørt. Oversikten viser at næringsutbygging vil føra med seg omfattande nedbygging av både skog og verdifulle jordbruksareal, noko som har stor betydning for jordvern og berekraftige arealval.

Næring (1620 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	290
Ferskvatn	0
Fulldyrka jord	350
Innmarksbeite	437
Myr	0
Overflatedyrka jord	98
Skog	442

Figur 12: Tal dekar av kvar enkel arealtype i AR5 forslag til revidert kommuneplan legg opp til å bygga ned til føremålet næring. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.




3.3.5 Råstoffutvinning

Forslag til revidert kommuneplan har ein utbyggingsreserve til råstoffutvinning på 1 581 dekar. Innmarksbeite utgjer den største delen med 627 dekar, følgt av open fastmark med 370 dekar og fulldyrka jord med 361 dekar. Skog dekker 210 dekar, medan myr og overflatedyrka jord utgjer høvesvis 9 og 6 dekar. Ferskvatn vert ikkje berørt. Oversikten viser at råstoffutvinning vil medføre omfattande nedbygging av jordbruksareal og naturtypar, noko som har stor betydning for jordvern og berekraftig arealforvaltning på kort sikt, men på lang sikt vil alle desse områda verta ført tilbake til LNF føremål.

Råstoffutvinning (1581 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	370
Ferskvatn	0
Fulldyrka jord	361
Innmarksbeite	627
Myr	9
Overflatedyrka jord	6
Skog	210

Figur 13: Tal dekar av kvar enkel arealtype i AR5, forslag til revidert kommuneplan legg opp til å bygga ned til føremålet råstoffutvinning. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.




3.3.6 Kombinerte formål

Revidert kommuneplan har en utbyggingsreserve til kombinerte formål, på 32 dekar. Av dette utgjer fulldyrka jord 25 dekar, innmarksbeite 2 dekar og skog 5 dekar, medan open fastmark og ferskvatn ikkje vert berørt. Oversikten viser at det totalt sett er små areal avsett til kombinerte formål. Små arealendringar vil likevel påverka dei langsiktige arealendringane i kommunen, og må verta teken omsyn til i rekneskapen.

Kombinerte formål (32 daa)	
Arealtype	Dekar
Openfastmark	0
Ferskvatn	0
Fulldyrka jord	25
Innmarksbeite	2
Skog	5

Figur 14: Tal dekar av kvar enkel arealtype i AR5 forslag til revidert kommuneplan legg opp til å bygga ned til føremålet kombinerte formål. Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.




3.3.7 Idrettsanlegg

Revidert kommuneplan har en utbyggingsreserve til idrettsanlegg på 92 dekar. Dette arealet er satt av til utviding av eksisterande golfbane. Av disse 92 dekara utgjer fulldyrka jord 77 dekar, open fastmark 14 dekar og skog 1 dekar. Oversikten viser at etablering av idrettsanlegg vil føre med seg nedbygging av verdifulle jordbruksareal, noko som er viktig for vurdering av jordvern og berekraftig arealbruk.

Idrettsanlegg (92 daa)	
Arealtype	Dekar
Openfastmark	14
Fulldyrka jord	77
Skog	1

Figur 15 viser tal dekar av hver enkelt arealtype i AR5, revidert kommuneplan legger opp til å bygge ned til formålet idrettsanlegg. Grafisk fremstilling av tabellen kan sjåast til høgre.



3.3.8 Samferdsel (omkøyringsvegen ikkje inkludert)


Forslag til revidert kommuneplan har ein utbyggingsreserve til samferdsel på 24 dekar. Av dette utgjer skog 7 dekar, open fastmark 8 dekar, innmarksbeite 7 dekar og fulldyrka jord 1 dekar, medan overflatedyrka jord og myr ikkje vert berørt.

Omkøyringsvegen om Kvernaland er berre vist med juridisk linje, men ikkje arealfesta i gjeldande kommuneplan, og tas derfor ikkje med i rekneskapen her. Det vil verta

utarbeidd arealrekneskap for denne i eiga plan. Same gjeld ei eventuell utviding av jernbana, da denne ikkje er med i avgrensinga til kommuneplanen.

Samferdsel (24 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	8
Fulldyrka jord	1
Innmarksbeite	7
Myr	0
Overflatedyrka jord	0
Skog	7

Figur 16: Tal dekar av kva enkel arealtype i AR5,forslag til revidert kommuneplan legg opp til å bygga ned til samferdsel Grafisk framstilling av tabellen kan sjåast til høgre.



3.4 Andre omsyn og faktorar

Arealrekneskaper er ikkje alltid like lett å samanlikna og vurdera opp mot ein andre. Forskjellige kommunar har forskjellige utfordringar og behov. Enkelte har vindmøller, fritidsbustader, datasenter og gruvedrift, medan andre kommunar ikkje har slike føremål. Dette er interesser som går langt utover berre kommunen sine eigne behov, og gjerne er del av eit regionalt eller nasjonalt behov. I dette kapittelet gjennomgås enkelte faktorar som ansjåast som viktig for å kunne forstå heilheiten i arealbruken.

3.4.1 Areal avsett til regionale og nasjonale behov

I Time kommune er det spesielt to typar areal som må sjåast på i ein regional kontekst, kraftintensiv industri (datasenter) og råstoffutvinning.

Kraftkrevjande industri (derunder datasenter)

I forslag til revidert kommuneplan er det sett av ein planreserve på om lag 1 350 dekar til kraftintensiv industri, med synergiar. Desse areala ligg plassert i området Kalberg/Frøyland/Kvernaland og Undheim Dette er areal som ikkje er tilgjengeleg til lokalt og ordinært næringsliv, men dekker et viktig behov innanfor en ny industri i Norge. Nedbygging av disse 1 350 dekara utgjer cirka 35% av alt nytt areal som vert tillate nedbygd i revidert kommuneplan. Dette arealet bør sjåast i en regional og nasjonal kontekst.

Råstoffutvinning


I forslag til revidert kommuneplan er det også avsett ein planreserve på 1 571 dekar til råstoffutvinning. Dette utgjer cirka 40% av alt nytt areal som vert tillate nedbygd i forslag til ny kommuneplan. Råstoffutvinning dreier seg i hovudsak om sand, pukk og stein, som

vert grava ut og brukt i regionen. Time kommune har en langt større planreserve til råstoffutvinning enn nabo kommunane har, der Klepp har 42 dekar, og Hå har 304 dekar, som kan verta bygde ut i deira respektive planverk. Råstoff er ikkje jamnt fordelt mellom kommunane.

På grunn av sin regionale betyding og råstoff førekomstar i kommunen, vil det difor vera naturleg å sjå på dekar til råstoffutvinning i regionen som heilskap, og ikkje berre innad i kommunen.

3.4.2 Nydyrking

Som oppsummert i kapittel 3.1 og 3.3 fører planlagde nedbyggingar i både framlegg til ny kommuneplan og gjeldande kommuneplan til at godt over 1 000 dekar fulldyrka jord kan verta bygd ned. Dette er store areal med høg samla landbruksverdi. Det er uheldig både for lokal, regional og nasjonal eigenberedskap. Dyrka jord og dyrkbar jord bør i utgangspunktet sjåast i samanheng, då begge er avgrensa og viktige ressursar i Noreg med tanke på sjølvforsyning og nasjonale jordverninteresser. På Jæren og i Time kommune er fulldyrka jord påverka i svært mange saker, og det er vanskeleg å unngå desse areala heilt. Sjølv om det ikkje er gunstig at fulldyrka jord vert bygd ned, bør dette også sjåast i samanheng med at Time kommune er særleg gode på nydyrking. I perioden 2015 til 2024 vart det i gjennomsnitt nydyrka 165 dekar per år. Det betyr at arealet med fulldyrka jord i kommunen har auka i denne perioden, og dersom trenden held fram, vil også den totale mengda fulldyrka jord auka i åra som kjem.




Figur 17 viser tal dekar som er godkjent til nydyrking siden 2015. I snitt er dette 165 dekar per år.

4. Avslutning og hovedkonklusjon

Den samla planreserven i gjeldande kommuneplan for Time kommune 2018–2030 legg opp til nedbygging av 3 079 dekar fordelt på ulike arealtypar. Ei oversikt over dei ulike arealtypane er vist nedanfor.

Totalt tal dekar som kan bygges ned i gjeldende kommuneplan (3079 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	552
Ferskvatn	1
Fulldyrka jord	986
Innmarksbeite	824
Myr	9
Overflatedyrka jord	95
Skog	611


Figur 18 viser tal dekar av hver enkelt arealtype i AR5, gjeldende kommuneplan legger og til å bygge ned. Grafisk fremstilling av tabellen kan sjåast til høgre.



Den samla planreserven i revidert kommuneplan for Time kommune 2026–2037 legg opp til nedbygging av 3 937 dekar fordelt på ulike arealtypar. Ei oversikt over dei ulike arealtypane er vist nedanfor.

Totalt tal dekar som kan bygges ned i gjeldende kommuneplan (3 937 daa)	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	720
Ferskvatn	1
Fulldyrka jord	1114
Innmarksbeite	1229
Myr	11
Overflatedyrka jord	104
Skog	758

Figur 19 viser tal dekar av hver enkelt arealtype i AR5, revidert kommuneplan legger opp til å bygge ned. Grafisk fremstilling av tabellen kan sjåast til høgre.



Forskjellen mellom gjeldande kommuneplan og revidert kommuneplan viser kva retning arealbruken i kommunen utviklar seg. Differansen mellom planane er 858 dekar som er sett av til potensielle utbyggingsføremål. Dette indikerer ein auke i samla planreserve og eit større areal teke i bruk til framtidig utbygging.

Arealtype	Kommuneplan 2018	Kommuneplan 2026
Ferskvatn	1	1
Fulldyrka jord	986	1114
Innmarksbeite	824	1229
Myr	9	11
Open fastmark	552	720
Overflatedyrka jord	95	104
Skog	611	758
Totalsum	**3078**	**3937**

Figur 20 viser arealdisponeringen i kommuneplan 2018 og kommuneplan 2026

Endringa innanfor dei ulike arealtypane i revidert kommuneplan (2026) samanlikna med kommuneplanen frå 2018 er vist nedanfor. Omdisponeringa av jordbruksjord aukar med totalt 542 dekar i revisjonen. Ein vesentleg del av dette arealet er avsett til råstoffutvinning. Desse areala er planlagde tilbakeførte til landbruksdrift etter avslutta masseuttak eller deponiverksemd. Den permanente reduksjonen i jordbruksareal vil difor vera lågare enn det dei samla omdisponerte areala isolert sett kan gje inntrykk av.

Totalt tal dekar som kan bygges ned i gjeldende kommuneplan endring sum	
Arealtype	Dekar
Open fastmark	+168
Ferskvatn	0
Fulldyrka jord	+128
Innmarksbeite	+405
Myr	2
Overflatedyrka jord	+9
Skog	+147

Figur 21 viser endring i planlagt arealomdisponering i revidert kommuneplan (2026)